

Helse Vest RHF
Postboks 303 Forus
4066 STAVANGER

Dykkar ref:

Vår ref:
2018/12193

Sakshandsamar:
Nina Næsheim

Dato:
26.11.2018

Høring av forslag til endringar i forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta – Svar frå Helse Bergen HF

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår å harmonisere regler om eigenandelfritak ved behandling på barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP) og psykiatrisk ungdomsteam (PUT). Departementet foreslår og at det skal vere eigenandelfritak ved første konsultasjon på overgrepsmottak og behandling ved Statens barnehus.

Helse Bergen HF meiner det er positivt at ein vil harmonisere bruken av eigenandelar innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling for unge i heile landet. Vi meiner likevel at den foreslåtte ordninga, der eigenandelfritak vil vere avhengig av organiseringa av tenestetilbodet og ikkje vil bli gitt på objektive kriterier, ikkje i tilstrekkelig grad vil bidra til likebehandling av pasientane.

Unge med helseproblem kan vere ambivalente til å ta i mot helsehjelp. Eigenandel vil i slike tilfelle kunne vere nok til at dei ikkje tek i mot tilbod om helsehjelp. For å nå målet om tidleg samordna innsats for å hindre at unge droppar ut frå skulegang og/eller yrkesaktivitet på grunn av sjukdom, bør det vurderast om ein bør fjerne den barrieren eigenandelen utgjør, uavhengig av kor i spesialisthelsetenesta den unge får tilbod om helsehjelp. Fritak frå eigenandeler bør difor etter vårt syn gjelde alle unge med behov for nødvendig helsehjelp i spesialisthelsetenesta.

Helse Bergen HF støttar at det skal vere eigenandelsfritak ved første konsultasjon på overgrepsmottak og behandling ved Statens barnehus.

Helse Bergen HF vil legge til at vi i tidlegare høringar har spelt inn behov for unntaksreglar knytt til eigenandel for alvorlege tilstander. Vi vil gjenta at sjølve tilstanden vil kunne utgjere hinder for å betale eigenandel for unge med alvorleg rusmiddelavhengigheit, på same måte som for unge med alvorleg sinnsliding mv.

Med vennleg helsing



Marta Ebbing
fagdirektør